

Kan nyttast som vedlegg til søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Alle som søker om tilskot til drenering, må leggje ved ei miljøvurdering av tiltaket. Miljøvurderinga skal ta for seg kulturminne, naturmangfald, avrenning og nabotilhøve på dreneringsarealet og det nærliggjande området. Hugs å merke av utfordringar som gjeld erosjon og avrenning, og verdiar som gjeld landskap, naturmangfald og arkeologiske kulturminne på kartet.

## 1. Grunnopplysningar

|                    |                                     |
|--------------------|-------------------------------------|
| Søkjaren sitt namn | Kommunen der dreneringsarealet ligg |
|--------------------|-------------------------------------|

## 2. Dreneringsareal og nærliggjande område

| Miljøtema                    | Spørsmål (sett kryss)  |  |
|------------------------------|--|--|
| Kulturminne <sup>1</sup>     | Er det kjende kulturminna på arealet som skal drenerast?                                   | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
|                              | Omtale av kulturminna:   |  |
| Naturmangfald <sup>2,3</sup> | Kan dreneringa vere til skade for naturmangfaldet?   | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
|                              | Kommentar:   |  |
| Avrenning <sup>4,5</sup>     | Kan dreneringa auke flaumfaren?  | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
|                              | Kan dreneringa auke erosjonsfaren?   | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
|                              | Namn på vassdrag det blir det drenert til?   |  |
|                              | Dreneringa si verknad på avrenning frå overflata og frå grøfter, og eventuell forureining: |  |
| Naboforhold <sup>5</sup>     | Kan dreneringa verke inn på naboarealet eller allmenheta sine interesser?                  | <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei |
|                              | Kommentar:   |  |

1. Ifølgje kulturminnelova skal kulturminne ivaretakast og ikkje skadast. Kjende, automatisk freda kulturminne som buplassar, gravminne, rydningsrøysar mm. er registrerte i Riksantikvaren sin database «Askeladden», som er tilgjengeleg på [gardskart.skogoglandskap.no](http://gardskart.skogoglandskap.no). Ved gravearbeid er funn av kulturminne meldepliktige til Fylkeskommunen. Arbeidet må då stansast og kulturminneforvaltninga skal varslast. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogeleg - og seinast innan tre veker - om arbeidet kan fortsetje.
2. Naturmangfoldlova Naturmangfoldlova definerer naturmangfald som biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald, som i liten grad er resultat av menneska sin påverknad. Alle skal opptre forsiktig og gjere det som er mogeleg for å unngå skade på naturmangfaldet. Naturtypar, artar og kulturlandskap er registrerte i [kart.naturbase.no](http://kart.naturbase.no). Du finn artar i [artsdatabanken.no](http://artsdatabanken.no). Sjekk om området inngår i [Utvalde kulturlandskap i jordbruket](#). Informasjon om geologiske verdier finn du i [Noregs geologiske undersøking sin kartteneste.no](http://Noregs.geologiske.undersøking.sin.kartteneste.no) «Geologien i min kommune».
3. Ifølgje forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, er det forbod mot tiltak i elve- og bekkeløp som kan øydelegge produksjonstilhøva for fisk eller andre organismar i ferskvatn. Dersom du planlegg større og meir omfattande fysiske inngrep enn dei noverande grøfteutløpa, må du ha løyve frå myndigheitene:
  - a. Laks, sjøaure og kreps: [Fylkesmannen](#)
  - b. Annan innlandsfisk, elvemusling, mm: Fylkeskommunen.
4. Vannforskrifta har føresegner om miljømål, vern og bruk av vassførekomstar. Vasskvaliteten skal ikkje øydeleggast. Det skal arbeidast for at alle vassførekomstar har god økologisk miljøtilstand. Avrenning frå jordbruket i form av jordpartiklar, nærings salt og plantevernmiddel påverkar miljøtilstanden negativt. Sjå [vassportalen.no](http://vassportalen.no).
5. Vannressurslova krev at tiltak i vassdrag skal gjennomførast slik at dei er til minst mogeleg skade og ulempe for allmenne og private interesser (for eksempel naboar). Det er også krav om å oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte (kantsone) langs vassdrag med årsikker vassføring. Føremålet er å motverke avrenning og gi levestad for planter og dyr. Sjå [nve.no](http://nve.no).

### 3. Underskrift

Stad og dato

Underskrift